

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
125/16	Plan- og miljøutvalet	PS	19.10.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Siril Therese Sylta	16/630

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om løyve til oppføring av garasje - gbnr 137/733 Alver

Vedlegg :

D1_Stian Henanger_garasje_terrengprofil_revA_310816Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrænse og søknad om løyve til oppføring av garasje - gbnr 137/733 Alver.D-1 Situasjonsplan - kartE-1 - E-2 ByggesøknadstegningerAvslag på søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrænse og søknad om løyve til oppføring av garasje - gbnr 137/733Utsatt klagefrist - gbnr 137733 Alver.Klage på vedtak - Avslag på søknad om dispensasjon frå regulert byggjegrænse og søknad om løyve til oppføring av garasje - gbnr 137-733Klage på vedtak - avslag på dispensasjon og oppføring av garasje gbnr 137-733Kart 137.733Reguleringskart 137.733Oversiktsfoto

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.04.2016 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje tatt til følgje.

Som grunngjeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

.....

Plan- og miljøutvalet - 125/16

PM - behandling:

"Bekreftelse på avtale vedrørende kjøp av veigrunn mellom FG Eigedom og Stian Henanger, datert 10.10.2016" vart utdelt i møte.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap, J. Herland-Sp, S.H. Kjeka-Krf, M. Knudsen-Krf, O. Myhr-Krf)

PM - vedtak:

Lindås kommune sitt vedtak datert 29.04.2016 vert oppretthaldt. Klagen vert ikkje

tatt til følgje.

Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Dersom utvalet ikkje tek klagen til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 31.08.2016 det følgjande vedtak vart fatta:

Saka blir utsett. Plan- og miljøutvalet ber om svar på følgande: Kor langt frå er garasjens fasadevegg innanfor byggegrense mot vei? Ber og om ein snitt-teikning på teikning 101 som viser byggegrense.

Administrasjonen har motteke ny profildeikning frå ansvarleg søkjar. Denne viser at 2, 80 meter av garasjen ligg plassert i strid med den regulerte byggegrensa i reguleringsplanen.

Administrasjonen kan ikkje sjå at desse opplysningane endrar vår vurdering, og viser til saksutgreiing og vurdering gjort i saksframlegg datert 31.08.2016.